

## NATURMILJØ


I Fiskeridirektoratet si Yggdrasil og Miljødirektoratet sin Naturbase er det ingen registreringar under tema «oppvekst og beiteområde», men i Artsdatabanken sitt Artskart får ein opp fylgjande opplysningar for området.

### Artskart

I sjøområdet er det registrert eit større raste- og beiteområde for fugl. Området strekker seg frå det gamle settefiskanlegget, ut bukta og rundt neset, sjå kart under.

I området er det registrert ein del fugl av typen; bergand (*Aythya marila*), fiskemåke (*Larus canus*), gråmåke (*Larus argentatus*), storskarv (*Phalacrocorax carbo*), havelle (*Clangula hyemalis*), stokkand (*Anas platyrhynchos*), toppand (*Aythya fuligula*), kvinand (*Bucephala clangula*), strandsnipe (*Actitis hypoleucos*), havørn (*Haliaeetus albicilla*), fossefall (*Cinclus cinclus*), skjære (*Pica pica*), kråke (*Corvus cirix*), kjøttmeis (*Parus major*), blåmeis (*Cyanistes caeruleus*), gråhegre (*Ardea cinerea*), ravn (*Corvus corax*), sangsvane (*Cygnus cygnus*), rødstrupe (*Erithacus rubecula*), grønnspett (*Picus viridis*), nøtteskrike (*Garrulus glandarius*) og alkekonge (*Alca alle*).

Ute ved Vågneset er det registrert vinlav (*Lecidea roseotincta*).



Utklipp frå Artsdatabanken (Artskart)

Grunnlaget for rasteområdet for fugl er relatert til utslepp frå det gamle settefiskanlegget i Bjørsvik. Ved etablering av moderne anlegg med strengare krav frå myndigheiter til reinsing på utslepp, er også grunnlaget blitt endra. Plasseringa av ny flytebrygga vil ligge innanfor utsleppspunktet som anlegget har i dag.

Fuglelivet vil bli råka av tiltaket gjennom arealbeslag av flytebrygga, men det vil vera gode moglegheiter for fugl å dykke under brygga etter mat eller bruke brygga som base for matsøk. Det er ei kjennsgjering at flytebrygger og fortøyingar medfører auka blåskjelførekost, som er eit ynda matråd for fuglar. Bruken av flytebrygga vil kunne forstyrre fuglelivet, men grunnlaget for ny flytebrygge gjer at anløp av brønnbåtar vil bli redusert med ca. 50 %, og dermed også bruken av brygga. Etablering av ny flytebrygge i raste- og beiteområde vil ha negative men også positive sider for fuglelivet.